


Frå Jærmuseet sine samlingar

McCORMICK 10-20

MÅLFRID SNØRTELAND



McCormick traktoren blir henta på Kleivaland i Hjelmeland.



Frå feiringa av 125-års jubileet i Sandnes 1985.

Denne modellen vart produsert i tidsrommet 1923 – 1939. I alt blei det laga omlag 215.000 eks. av McCormick 10-20. Størst var produksjonen i 1929 med 39.433 eks. Jærmuseet sin traktor har nr. 207907.

Motoren var ein 4-sylinder bensinmotor som utvikla 20 HK med 10 HK drakraft.

Nest etter Fordson var dette den mest utbreidde traktoren i 1930-åra.

Dette eksemplaret var opphavleg i bruk på kommunegården i Hillevåg, Stavanger. Kring 1960

vart han sold til Kristian Helland, Kleivaland i Hjelmeland. Her blei han m.a. nytta til å dra ei sag.

Denne traktoren er ein av dei første traktorane som vart samla inn som lekk i Rogaland fylke si innsamling av nyare landbruksminne, og han blei i første omgang tatt hand om av dåverande Høyland bygdemuseum i 1983. Det var dessutan den første traktoren som museumshandverkar Sverre Skjæveland restaurerte. Saman med Moline mod. D vart McCormicken vist fram under 125-års jubileet i Sandnes i 1985.

Produsert av International Harvester i Chicago, U.S.A., 1935.